

Program fredag:

18.30 Kveldsmat.

19.30 **Bibeltime. «Misjon på 3 måtar».** Frå GT, NT og fram til uttrykk som «misjonale menigheter» i dag.

v/ **Olav Gading.**

Møteleiar Ole Syltebø.

22.30 **Kveldsbøn v/ Petter Dahle.**

Program laurdag:

08.00 **Morgonbøn v/Bjørn Hovde**

08.30 Frokost.

09.15 «**Bartimeus – ein av dei få Jesus møtte som vi veit namnet på.**»

v/ Olav Gading. Møteleiar Ole Syltebø.

11.00 «**Skuter og mannskap i gamle dagar.** Med Svanhild og andre langs fjord og kyst.»

v/ **Bernt Bøe.**

Møteleiar: Arne Drøpping.

12.30 Lunsj og frisk luft /Trim.

14.30 «**Kamerun – misjon i 100 årog i framtida?»** v/**Finn Ove Kaldhol.**

Kollekt til misjonsarbeidet.

Møteleiar: Kristian Fostervold.

16.00 Middag, avslutning. Heimreise.

Arrangør: Det Norske Misjonsselskap



Vassbotten i vinterdrakt

Manns-weekend.

Vassbotten 1.-2. mars 2024



NMS har tidlegare hatt mannssamlinga på Phillipshaugen. No prøver vi oss på Vassbotten. Plassen ligg i Straumsnes, ytre del av Tingvoll. Tidlegare var dette leirstad for Normisjon. No er det Sina Saltbones (frå Tingvoll) som driv staden.



Olav Gading skal ha bibeltimane denne gongen. Han har nyleg flytta tilbake til Ålesund etter at han slutta som domprost i Molde. Han er no prest i Ålesund.



Bernt Bøe er ein aktiv kulturperson frå Bøfjorden. At han for nokre år sidan fekk kongens fortjenestemedalje i gull, seier litt om det han står for innan musikk og historie. Han er også aktiv på sjøbruksmuseet i Bøfjorden. I år skal vi få høyre om båtkultur.



Finn Ove Kaldhol har vore misjonær i Kamerun fleire periodar. Han er fersk pensjonist etter ein periode som prest i Myrbostad, Elnesvågen. 2023 var jubileumsår for misjon i Kamerun. Han vil bl.a. fortelje frå jubiléet.

Praktiske opplysingar:

Pris kr. 1600,- for overnatting i dobbeltrom med oppreidd seng. Tillegg for einerom kr. 200. (Det er ikkje høve til å bruke sovepose)

Påmelding innan måndag 26.febr (helst før) til Arne Drøpping, tlf/ SMS 997 15 937 Eller e-post: arne.dropping@gmail.com

Pass på å seie frå om du ønskjer einerom. (Sei eller skriv gjerne også om kor viktig det er å ha einerom, eller om det kan avpassast etter kor mange som kjem)

Helsing Arne Drøpping, (vert for samlinga.)



Frå ei sofagruppe og møtesal på Vassbotten.